



# **Plan for busetting og integrering av flyktningar**

## **2026 – 2029**



# Innholdsliste

|                                                                  |   |
|------------------------------------------------------------------|---|
| Innholdsliste.....                                               | 2 |
| 1. Informasjon om Nissedal kommune .....                         | 3 |
| 1.1 Historisk oversikt over flyktninger i Nissedal kommune ..... | 3 |
| 1.2 Tabell .....                                                 | 4 |
| 1.3 Organisering av tenesta .....                                | 4 |
| 1.3.1 Vaksenopplæringa .....                                     | 4 |
| 2. Målsetting for integreringsarbeidet .....                     | 5 |
| 3. Busetting .....                                               | 5 |
| 3.1 Bustad.....                                                  | 5 |
| 3.2 Helsetenester .....                                          | 5 |
| 3.3 Barnehage .....                                              | 6 |
| 3.4 Skule/SFO .....                                              | 6 |
| 3.5 Fritidstilbud .....                                          | 7 |
| 4. Økonomiske rammar .....                                       | 7 |
| 4.1 Tilskot .....                                                | 7 |
| 4.2 Nav .....                                                    | 7 |
| 4.3 Bustønad frå Husbanken .....                                 | 8 |
| 4.4 Introduksjonsstønad .....                                    | 8 |
| 4.5 Førarkort .....                                              | 8 |
| 5. Introduksjonsprogram .....                                    | 8 |
| 5.1 Innhold i introduksjonsprogrammet.....                       | 8 |
| 5.2 Lovverk.....                                                 | 9 |
| 5.3 Resultat 2022 – 2025 .....                                   | 9 |
| 5.3.1 Tabell.....                                                | 9 |

## 1. Informasjon om Nissedal kommune

Nissedal kommune ligg sør i Vest-Telemark, og er ein kommune i vekst. Treungen er administrasjonsstaden, og andre tettbygde stader er Kyrkjebygda, Fjone, Haugsjåsund og Felle. Det samla arealet i kommunen er 908 km<sup>2</sup>, og det er 1494 innbyggjarar i 2025.

### 1.1 Historisk oversikt over flyktningar i Nissedal kommune

Etter oppmoding frå IMDi tok Nissedal kommune i mot 50 flyktningar frå DR Kongo, Burundi og Syria i perioden 2015 til 2017. I tillegg blei 8 flyktningar busett på bakgrunn av familieinnvandring og sekundærbusetting. Ved utgangen av 2025 er det 10 av desse som framleis bur, eller har sin base i kommunen.

I 2018 beslutta regjeringa å ikkje lenger busette flyktningar i kommunar med færre enn 5000 innbyggjarar. Utan ny busetting til Nissedal kommune blei tenesta gradvis bygd ned. Frå 01.01.2022 var det ikkje lenger flyktningsteneste eller vaksenopplæring for den gruppa i Nissedal kommune. Det skulle ikkje vare lenge.

På bakgrunn av krigen i Ukraina som braut ut i februar 2022, fekk Nissedal kommune ei oppmoding frå IMDi om å busette 30 flyktningar i 2022. Kommunestyret vedtok at Nissedal kommune skulle svare positivt på oppmodningsbrevet, og sette i gang arbeidet med å etablere eit flyktningapparat. I 2022 busette kommunen 30 flyktningar.

I 2023 fekk kommunen oppmoding om å busette 35 flyktningar, og kommunestyret gjekk inn for å svare positivt på oppmodinga. Kommunen busette 21 flyktningar. Grunna eit høgt trykk på særleg bustadar, klarte ikkje kommunen å busette like mange som kommunen vart oppmoda om.

I 2024 vart Nissedal kommune oppmoda om å busette 30 flyktningar. Grunna utfordringar knyta til mangel på bustadar vedtok kommunestyret at Nissedal kommune skulle ta i mot 15 flyktningar, med moglegheit for å ta imot fleir viss bustadkapasiteten endra seg. Kommunen tok i mot 20 flyktningar i 2024.

I 2025 vart Nissedal kommune oppmoda om å busette 25 flyktningar. Kommunestyret vedtok å busette 15 flyktningar. Grunna ei nedgang i tilkomstane til Noreg justerte IMDi ned oppmodinga til 13 flyktningar. I utgonga av november 2025 er det busett 13

flyktningar og ein familieinnvandring. Flyktningar som får opphaldsløyve på bakgrunn av familieinnvandring blir ikkje rekna med i oppmodningstalet frå IMDi.

I perioden 2022 – 2025 er det blitt busett 87 flyktningar, og 5 barn er født etter busetting. I same periode har 15 flyktningar flytta ut av kommunen. Dei aller fleste tilbake til heimlandet eller til andre europeiske land.

## 1.2 Tabell

| Årstal | Oppmodning frå IMDi | Svar på oppmodning | Buset i kommunen          | Flytta frå kommunen |
|--------|---------------------|--------------------|---------------------------|---------------------|
| 2022   | 30                  | 30                 | 29                        | 1                   |
| 2023   | 35                  | 35                 | 21                        | 4                   |
| 2024   | 30                  | 15                 | 20                        | 6                   |
| 2025   | 25*                 | 15                 | 13 + 4 familieinnvandring | 4                   |
| 2026   | 23                  |                    |                           |                     |

\*Nedjustert frå lmdi til 13 (juni 2025)

## 1.3 Organisering av tenesta

Vaksenopplæringa og integreringskoordinatorar utgjør Integreringstenesta i Nissedal kommune. Det er kommunalsjef for oppvekst og kultur som er nærmaste leiar for tenesta.

### 1.3.1 Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa i Nissedal kommune tilbyr opplæring i norsk tre dagar i veka for flyktningar og andre som har rett på opplæring, samt for privatistar mot betaling. Elevane ved vaksenopplæringa kan ta eksamen i norsk frå nivå A1 til B2. Vaksenopplæringa held og prøvar i samfunnskunnskap og statsborgarprøva. Alle prøvane kan tas av privatistar mot betaling.

Vaksenopplæringa har ansvar for å halde seg oppdatert på gjeldande lovverk som omhandlar undervisning særskilt for flyktningar (integreringslova).

## 2. Målsetting for integreringsarbeidet

Nissedal kommune skal vere ein god og trygg stad å leve gjennom heile livet (jf. Kommuneplan 2020 – 2031). Det vil blant anna sei at kommunen skal ha fokus på:

- Livsmestring og trivsel i alle livets faser.
- Inkludering og det å høyre til ein stad.
- Tidleg innsats for å skape eit samfunn med små skilnader og like sjansar for alle.

Som ein del av integreringsarbeidet har Nissedal kommune også som mål å:

- Arbeide med bevisstgjerung av pliktar og rettigheitar innanfor samfunnets normer og rammar.
- Få alle som går i introduksjonsprogrammet ut i arbeid eller vidare skulegang etter introduksjonsprogram.

## 3. Busetting

### 3.1 Bustad

Kommunen nyttar seg av både private og kommunale bustadar ved busetting av flyktingar. Det er blitt utarbeida eigne startpakkar til bustadane, og bustadane skal vere ferdig møblert til flyktingane kjem til kommunen. Ved busetting skal det gis burettleiing, og leggst ein plan for vidare oppfølging der det er behov.

Det skal inngåast ein husleigekontrakt med leietakar så raskt som mogleg etter busetting. I dei tilfella utleigar har bedt om depositumsgaranti, hjelper integreringskoordinator leietakar med å sende ein søknad til NAV. Integreringskoordinator hjelper også med å opprette ein straumavtale viss straum ikkje allereie inngår i leigeavtale, og wifi viss leietakar ønsker det.

### 3.2 Helsetenester

Før busetting skal integreringskoordinator informere legekantor og helsestasjon om flyktingane som kjem til kommunen. Kort tid etter busetting skal nyankomne flyktingar både vaksne og barn gjennomføre ein helsesjekk på legekantoret. Barna skal i tillegg kartleggast hos helsesjokepleiar.

### 3.3 Barnehage

Før busetting skal integreringskoordinator informere barnehagen om barn i barnehagealder som kjem til kommunen. Målet er at barna så raskt som mogleg startar i barnehagen etter busetting. Integreringskoordinator avtalar møte med familien og barnehagen der det blir gitt informasjon frå barnehagen, og avtalt oppstart.

Det er utarbeida ei startpakke for barnehagebarn som omfattar klede og utstyr barna treng i barnehagen. Integreringskoordinator kartlegg kva barna har av utstyr frå før av, og kva dei treng gjennom dialog med mottak. Målsettinga er at klede og utstyr står klart i bustaden til barna kjem til kommunen.

Når elektronisk ID er i orden hjelper integreringskoordinator med å søkje barnehageplass slik at det formelle er på plass.

### 3.4 Skule/SFO

Før busetting skal integreringskoordinator informere skulen om barna i skulealder som kjem til kommunen. Målet er at barna så raskt som mogleg startar på skulen etter busetting. Integreringskoordinator avtalar møte med familien og skulen der det blir gitt informasjon frå skulen, og avtalt oppstart.

Familiar med barn i 1.-4. klasse har tilbod om SFO før og etter skulen dersom dei ønsker det. Når elektronisk ID er i orden hjelper integreringskoordinator med å søkje plass på SFO om familien ønsker det.

Det er utarbeida ei startpakke for skulebarn som omfattar klede og utstyr barna treng på skulen. Integreringskoordinator kartlegg kva barna har av utstyr frå før av, og kva dei treng gjennom dialog med mottak. Målsettinga er at klede og utstyr står klart i bustaden til barna kjem til kommunen.

### 3.5 Fritidstilbod

Nissedal kommune jobbar aktivt for å nå fritidserklæringa sitt mål, som er at alle barn, uavhengig av foreldra sin sosiale og økonomiske situasjon, skal ha moglegheit til å delta jamleg i minst éin organisert fritidsaktivitet.

Nissedal kommune har, med tiltaket Binders, blitt valt ut som ein av fem kommunar i Telemark til å få støtte frå fylkeskommunen sitt Program for folkehelsearbeid: Rusfritt, robust og rettferdig (2024-2026). Binders har som formål at alle elevar i Nissedalsskulen skal oppleve meistring og tilhøyring på organiserte fritidsaktivitetar. Integreringskoordinator sit i arbeidsgruppa til Binders.

Integreringskoordinator passar på at alle barnefamiliar får eit dokument med oversikt over kva slags fritidstilbod som er tilgjengelege i kommunen ved busetting, og er behjelpelege med å sette dei i kontakt med dei ulike aktørane.

Gjennom kontingentkassa kan familiar søkje om økonomisk stønad til fritidsaktivitetar, nødvendig utstyr og transport m.m. Integreringskoordinator kan søkje på vegne av familien.

## 4. Økonomiske rammar

### 4.1 Tilskot

Nissedal kommune mottek integreringstilskot og norsktilskot frå IMDI. Desse tilskota skal i hovudsak dekke utgifter til norskundervisning og eksamenar, introduksjonsstønad, utgifter ved busetting, i tillegg til dei gjennomsnittlege utgiftene kommunen har til arbeide i busettingsåret og dei fire neste åra. Kommunen får tilskot for kvar person. Dei økonomiske ytingane er fastsett gjennom statlege satsar.

### 4.2 Nav

Ved busetting får flyktningane utlevert eit kronekort frå Nav som dei nyttar fram til dei får bankkort, og fyste utbetaling av introduksjonsstønad. Dei som ikkje kan delta i introduksjonsprogrammet, eller forsørge seg sjølv på andre måtar kan søke Nav om

økonomisk sosialhjelp. I nokre tilfelle er ikkje introduksjonsstønad tilstrekkeleg. Då kan NAV vurdere om dei har rett på supplerande sosialhjelp.

### 4.3 Bustønad frå Husbanken

Bustønad er ein stønadsordning for menneske med lav inntekt og høge bu-utgifter. På husbanken si nettside ligg det ein bustønadskalkulator som kan nyttast for å sjå om ein har rett på bustønad. Integreringstenesta informerer og hjelper til i søknadsprosessen.

### 4.4 Introduksjonsstønad

Deltakarar i introduksjonsprogrammet får utbetalt introduksjonsstønad frå kommunen. Reglene om introduksjonsstønad står i integreringslova kapittel 5.

### 4.5 Førarkort

Flyktningane kan søkje Nissedal kommune om inntil 20.000kr i stønad til førarkort. Det er laga eigne rutinar for korleis dette gjerast og kva slags krav som ligg føre.

## 5. Introduksjonsprogram

Introduksjonsprogrammet er et individuelt tilpassa fulltids kvalifiseringstilbod (37,5 time) som skal forberede personar i målgruppa for deltaking i det norske arbeids- og samfunnslivet.

### 5.1 Innhald i introduksjonsprogrammet

Innhaldet i introduksjonsprogrammet følgjar dei nasjonale føringane, og blir tilpassa individuelt ut i frå opphaldsløyve og livssituasjon. Programmet skal innehalde opplæring i norsk, og minst 15 timer arbeids- eller utdanningsretta element. For nokre deltakarar skal også programmet innehalde samfunnskunnskap, karriererettleiing, foreldrerettleiing (ICDP) og livsmeistring i nytt land.

Deltakarar som har eit arbeidsretta introduksjonsprogram i Nissedal kommune deltek på opplæring i norsk tre dagar i veka og har praksis på ein arbeidsstad to dagar i veka. På bakgrunn av ei kartlegging er det integreringskoordinator som finn praksisstad til deltakar ut i frå utdanning, erfaring og ønske.

Eit introduksjonsprogram kan også for enkelte deltakarar vere utdanningsretta, gjennom forberedande opplæring for vaksne (FOV) eller vidaregåande opplæring for vaksne (VOV).

## 5.2 Lovverk

Introduksjonsprogrammet blir regulert av Integreringslova. Lengda på programmet, innhald og kven som kan delta bestemast til ein kvar tid av nasjonale føringar. Det er integreringskoordinators jobb å halde seg oppdatert på eit lovverk som stadig er i endring.

## 5.3 Resultat 2022 – 2025

I perioden 2022 –2025 har 36 flyktningar deltatt og avslutta introduksjonsprogrammet. Av desse har 8 flyktningar flytta frå Nissedal kommune, 20 flyktningar er i ordinært arbeid, og 8 flyktningar er i ulike tiltak gjennom NAV eller i permisjon.

### 5.3.1 Tabell

Tabellen viser oversikt over flyktningar som har avslutta introduksjonsprogrammet og framleis bur i Nissedal kommune.

| <b>Flyktningar som har deltatt i introduksjonsprogrammet</b> | <b>Flyktningar som er i ulike tiltak eller permisjon etter introduksjonsprogram</b> | <b>Flyktningar som er i ordinært arbeid etter introduksjonsprogram (kan også vere med lønnstilskudd frå NAV)</b> |
|--------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 28                                                           | 8                                                                                   | 20                                                                                                               |
| 100%                                                         | 28,6 %                                                                              | 71,4 %                                                                                                           |